

Landbrukstelling 2020

Bokmål

Informasjon til landbrukskontorer og fylkesmenn

Bakgrunn

I løpet av høsten 2020 vil Statistisk sentralbyrå gjennomføre en ny landbrukstelling i Norge. Dette innebærer fulltelling av landbruket for å kartlegge antall jordbruksbedrifter, totalt jordbruksareal, antall og type husdyr, arbeidsinnsats fordelt på driftsformer m.m. Tellingene har foregått med ti års mellomrom siden 1907. Populasjonen vil være alle aktive jordbruksbedrifter. Dette avdekkes i hovedsak gjennom søknad om produksjonstilskudd.

Gjennomføring

For hver telling som blir gjennomført, blir stadig flere opplysninger hentet fra registre. Det vil si at opplysningene allerede finnes tilgjengelig i registre som Statistisk sentralbyrå har tilgang til. Opplysninger om areal og husdyr vil for eksempel bli hentet fra søknader om produksjonstilskudd, og opplysninger om driftsleders utdanning vil bli hentet fra utdanningsregisteret. Det er likevel behov for å hente noen opplysninger direkte fra den enkelte gårdbruker. Informasjonen vil bli samlet inn på et spørreskjema gjennom Altinn. Omtrent 60 prosent av jordbruksbedriftene vil motta skjema i løpet av september. Dette vil være rundt tidspunktet for søknad om produksjonstilskudd del 2, og utfylling av skjemaene kan derfor gjøres på samme tid for de som ønsker det. De øvrige jordbruksbedriftene vil motta skjema i månedsskiftet oktober/november grunnet forhåndsutfylte opplysninger fra a-ordningen i skjemaet.

Henvendelser til kommunale landbrukskontor og fylkesmenn

Vi vet fra tidligere undersøkelser at en del gårdbrukere har kontaktet dere for hjelp til å fylle ut skjemaene. Siden årets telling foregår elektronisk via Altinn, og uten papirskjemaer, vil det nok i mindre grad være aktuelt for landbrukskontorene og andre offentlige instanser å bidra aktivt til rapporteringen for den enkelte gårdbruker. Vi håper likevel at dere har mulighet til å hjelpe de gårdbrukerne som kontakter dere til å finne nødvendig informasjon for å kunne rapportere. Informasjon om undersøkelsen vil hovedsakelig være tilgjengelig på følgende steder:

- innrapporteringsside <https://www.ssb.no/innrapportering/naeringsliv/landbrukstelling-2020>
- brev til hver enkelt jordbruksbedrift i Altinn
- SSBs svartjeneste, e-post: datafangst@ssb.no, tlf: 62 88 51 90

Dersom gårdbrukere henvender seg til dere og oppgir at de ikke har tilgang til Internett eller Altinn, ber vi om at de henvises til vår svartjeneste.

Temaer

Landbrukstelling 2020 vil ha følgende hovedtemaer:

- arbeidsinnsats for brukere/innehavere og familiemedlemmer
- arbeidsinnsats for sesongarbeidere og fast arbeidshjelp
- arbeid utført av andre bedrifter (f.eks. entreprenører, andre gårdbrukere, servicefolk o.l.)
- tilleggsnæringer
- bruk og lagring av gjødsel
- husdyrplasser

Resultater fra tellingen

Vi forventer å kunne publisere de første foreløpige resultatene fra tellingen i løpet av mars 2021. Resultater vil bli publisert og oppdatert på <https://www.ssb.no>

De fullstendige landbrukstellingene gir oss mulighet til å publisere statistikk på kommunenivå, og vi håper det vil være til nytte og interesse for dere som arbeider på de lokale landbrukskontorene.

I tillegg til opplysninger fra jordbruksbedriftene, vil det bli utarbeidet statistikk for landbrukseiendommene (de som eier jord og/eller skog). Denne delen av tellingen vil i sin helhet være registerbasert, og handle mest om arealressurser og eierne.

På <https://www.ssb.no/a/histstat/landbrukstelling.html> vil en finne publikasjoner fra tellingene tilbake til 1907. Publikasjonene foreligger i pdf-format og det er mulig å bruke søkefunksjon til å søke opp en kommune i tabellverket.

Landbruksteljing 2020

Nynorsk

Informasjon til landbrukskontor og fylkesmenn

Bakgrunn

I løpet av hausten 2020 vil Statistisk sentralbyrå gjennomføre ei ny landbruksteljing i Noreg. Dette inneber fullteljing av landbruket for å kartleggje talet på jordbruksbedrifter, totalt jordbruksareal i drift, talet på ulike typar husdyr, arbeidsinnsats fordelt på driftsformer m.m. Teljingane har føregått med ti års mellomrom sidan 1907. Populasjonen vil vere alle aktive jordbruksbedrifter. Dette blir avdekt i hovudsak gjennom søknad om produksjonstilskot.

Gjennomføring

For kvar teljing som blir gjennomført, blir stadig fleire opplysningar henta frå register. Det vil seie at opplysningane allereie finst tilgjengelege i register som Statistisk sentralbyrå har tilgang til. Opplysningar om areal og husdyr vil til dømes bli henta frå søknader om produksjonstilskot, og opplysningar om utdanninga til driftsleiar vil bli henta frå utdanningsregisteret. Det er likevel behov for å hente nokre opplysningar direkte frå den enkelte gardbrukar. Informasjonen vil bli samla inn på eit spørreskjema gjennom Altinn. Omtrent 60 prosent av jordbruksbedriftene vil få skjema i september. Dette vil vere rundt tidspunktet for søknad om produksjonstilskot del 2, og utfylling av skjema kan derfor gjerast på same tid for dei som ønsker det. Resten av jordbruksbedriftene vil få skjema i månadsskiftet oktober/november grunna førehandsutfylte opplysningar frå a-ordninga i skjemaet.

Førespurnader til kommunale landbrukskontor og fylkesmenn

Vi veit frå tidlegare undersøkingar at ein del gardbrukarar har kontakta dykk for hjelp til å fylla ut skjema. Sidan årets teljing er elektronisk via Altinn, og utan papirskjema, vil det nok i mindre grad vere aktuelt for landbrukskontora og andre offentlege instansar å bidra aktivt til rapporteringa for den enkelte gardbrukar. Vi håper likevel dykk har moglegheit til å hjelpe dei gardbrukarane som tek kontakt med dykk for å skaffe nødvendig informasjon til skjemautfyllinga. Informasjon om undersøkinga vil hovudsakleg vere tilgjengeleg på følgjande stader:

- innrapporteringside <https://www.ssb.no/innrapportering/naeringsliv/landbrukstelling-2020>
- brev til kvar enkelt jordbruksbedrift i Altinn
- SSBs svarteneste, e-post: datafangst@ssb.no, tlf: 62 88 51 90

Dersom gardbrukarar tek kontakt og gir opp at dei ikkje har tilgang til Internett eller Altinn, ber vi om at dei blir viste til SSBs svarteneste.

Tema

Landbruksteljing 2020 vil ha følgjande hovudtema:

- arbeidsinnsats for brukarar/innehavarar og familiemedlemmer
- arbeidsinnsats for sesongarbeidarar og fast arbeidshjelp
- arbeid utført av andre bedrifter (t.d. entreprenørar, andre gardbrukarar, servicefolk o.l.)
- tilleggsnæringar
- bruk og lagring av gjødsel
- husdyrplassar

Resultata frå teljinga

Vi forventar å publisere dei første førebelse resultata frå teljinga i mars 2021. Resultata vil bli publiserte og oppdaterte på <https://www.ssb.no>

Dei fullstendige landbruksteljingane gir oss moglegheit til å publisere statistikk på kommunenivå, og vi håper det vil vere til nytte og interesse for dykk som arbeider på dei lokale landbrukskontora.

I tillegg til opplysningar frå jordbruksbedriftene, vil det bli utarbeidd statistikk for landbrukseigedommane (dei som eig jord og/eller skog). Denne delen av teljinga vil i sin heilskap vere registerbasert, og handle mest om arealressursar og eigarar.

På <https://www.ssb.no/a/histstat/landbrukstellingar.html> vil ein finne publikasjonar frå teljingane tilbake til 1907. Publikasjonane finst i pdf-format og det er mogleg å bruke søkefunksjon til å søke opp ein kommune i tabellverket.